LINDÅS KOMMUNE
Kløvheim skule

# Referat frå møte i FAU Kløvheim skule, 23.august 2017

Desse møtte: Robert Hindenes, Bente T. Kjøpstad, Ann Kristin Bjørsvik, Silje Dale, Linda Rød, Ingrid Hindenes, Ramona B. Fjellanger, Turid Sporsheim Tvedt.

1 – 17/18: **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Det vart meldt inn to saker under ymse.
Desse sakene får saksnr. 6 og 7

2 – 17/18: **Konstituering av FAU**
Etter konstituering av FAU for skuleåret 2017-2018 ser samansetjinga slik ut:
leiar: Ingrid Hindenes
nestleiar: Robert Hindenes
skrivar: Bente T. Kjøpstad
kasserar: Silje Dale og Ramona B. Fjellanger
medlammar: Ann Kristin Bjørsvik og Linda Rød
medlemmar i SU: Ingrid Hindenes, Robert Hindenes
medlemmar i SMU: Ingrid Hindenes, Robert Hindenes, Stian Tvedt, Toril H Sætre

3 – 17/18: **Årshjul for FAU sitt arbeid skuleåret 2017/2018**
FAU bestemte å ta opp igjen årshjulet på neste FAU møte, men fastsette likevel nokre datoar i tillegg til dei datoane som er fastsett av skulen:
20.sept - neste møte i FAU
25.okt – spelekveld for alle elevane + foreldre/føresette
18.des - julefest
Fullstendig årshjul vert fastlagt på FAU-møte 20.sept -17

4 – 17/18: **Ny skule Eikanger / Kløvheim – val av tomt**
9. august var det synfaring på dei 4 tomtane som er med i prosessen vidare. Frå Kløvheimkrisen var det rektor som var med. Medlemmane i formannskapet skal ha synfaring på dei same tomtane 31. aug. før møte i formannskapet. Til denne er leiar i FAU ved skulane og rektorane også inviterte. For mange av tomtene vil det vere slik at ingen eller svært få av elevane ved Kløvheim skule vil få den nye skulen som sin nærskule, i alle fall slik det er per i dag. FAU meiner

det er viktig å presisere dette overfor politikarane og spørje om dette er i tråd med vedtaket om ein felles skule for Kløvheim og Eikanger. Leiar i FAU Ingrid Hindenes og rektor vert med på denne synfaring.

5 – 17/18: **Kommunalt foreldreutval**
Etter eit opphald på fleire år, skal det igjen etablerast kommunalt foreldreutval. Utvalet skal bestå av 11 medlemmar, og desse skal veljast mellom kandidatar frå skulane og harnehagane, alt etter ein fordelingsnøkkel. Alle FAU-ane skulle nominere sin kandidat til dette valet. FAU Kløvheim nominerte i vår Ingrid Hindenes til dette. Innan fristen var det mange som ikkje hadde nominert nokon, og det er difor utsett frist. Valmøtet skal vere i kantina i Nordhordlandshallen 25.september.
FAU Kløvheim peika ut desse til å vere med på møtet i tillegg til Ingrid: Linda, Ramona, Silje

6 – 17/18: **Farleg skuleveg**
Lindås kommune har vedteke Kommuneplan – Trafikksikring 2017 – 2020. Denne planen vurderer aktuelle vegstrekningar med avstand til skulen mindre enn 4 km, og som då ikkje automatisk utløyser skuleskyss. Vegane er delt inn i 3 kategoriar, der kategori 1 – vegar som er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulealder – gir rett til skuleskyss etter søknad. For Kløvheim skule sitt vedkomande er det nokre strekningar som har fått denne kategorien.
Rektor informerer meir om dette på foreldremøte onsdag 30.august.

7 – 17/18: **Grus**
I vår vart det sendt inn bestilling på grus for å ha på skuleplassen. Sjølv etter mange purringar før sommaren, har dette framleis ikkje skjedd. Etter ein våt sommar ser vi tydeleg behovet for å fylle på ny grus. Når det regnar vert det store dammar fleire plassar på skuleplassen.
Rektor skal purre på ein gong til, og håper det kan skje noko før vinteren set inn.

Referent denne gongen:

Turid Sporsheim Tvedt
rektor

*Klassekontaktar 2017 – 2018*

| Klasse | Foreldrekontakt | tlf | e-post |
|---|---|---|---|
| 1.klasse | Det er berre to elevar i denne klassen, og FAU opnar for at klassekontakt i 2.klasse også kan representere 1.klasse, i alle fall dette skuleåret. Dette vert teke opp på kløasseforeldremøte i 1.klasse 31.aug, og om dei ynskjer eigen representant vert denne valt då. | | |
| 2.klasse | Robert Hindenes | 41273789 | groirenerobert@outlook.com |
| 3.klasse | Bente T. Kjøpstad | 97609551 | t-crisos@online.no |
| 4.klasse | Ann Kristin Bjørsvik | 45613122 | akbj3@online.no |
| 5. klasse | Silje Dale | 476 75 935 | siljedale84@hotmail.com |
| 6. klasse | Linda Rød | 99113324 | lindaroed@gmail.com |
| 7. klasse | Ingrid Hindenes | 97198817 | i-hin@online.no |

| Klasse | Varamedlem | Tlf | e-post |
|---|---|---|---|
| 2.klasse | Ramona Bårdsen Fjellanger | 56360110<br>90657664 | ramona@reknar.no |
| 3.klasse | Anne Marie Fanebust | 48275356 | annemariefanebust@hotmail.no |
| 4.klasse | Bente Kleiven | 96612873 | benkle@online.no |
| 5. klasse | Kjersti Nordanger | 92661050 | kjersn2@online.no |
| 6. klasse | Ove Morken | 95220828 | ove.h_morken@yahoo.no |
| 7. klasse | Nina Kleiven | 90043592 | nina.kleiven@hotmail.com |